

# Treårsplan for Snøkrystallen 2010-2013

Treårsplan for Snøkrystallen 2010-2013




# Treårsplan for Snøkrystallen småbarnehage

August 2010- August 2013



Spor...



# Snøkrystallen småbarnehage

Årsplan for perioden august 2010- august 2013

Snøkrystallen småbarnehage vart starta av Karina Kjørstad og Mari Henden Nilsen. Barnehagen var ein ide som såg dagens lys under barnedåpen til Karina og Mari sine barn. Som ved ein tilfeldighet hadde same dåpsdag i kyrkja. Karina Fekk ideen om å starte eigen barnehage, og hadde behov for ein førskulelærer. Etter å snakka litt i lag, vart permisjonstida med to små barn brukt til å starte eigen barnehage og drive eige firma. Barnehagen opna 2. januar 2007, og vart drifta som familiebarnehage fram til i hausten 2009. Småbarnehagen er no ein ordinær, privat barnehage. Barnehagen vert drive av Snøkrystall AS som Karina Kjørstad og Mari Henden Nilsen eig. Småbarnehagen er medlem av Private barnehagars landsforbund (PBL)

Snøkrystallen småbarnehage består av ei avdeling med 10 plassar for barn i alderen 0-3 år. Vi jobbar tredelt vakt med tre vaksne på jobb kvar dag. I hovudsak vert det to pedagogar og ein assistent kvar dag. Barnehagen er godkjent av kommunen, og samarbeider med den om samordna opptak.

## **Snøkrystallen småbarnehage**

Vi valde Snøkrystallen som namn av ulike årsaker. Ein av grunnane for dette namne valet, seier litt om korleis vi ønskjer å drive barnehagen.

Snøkrystallen i naturen er noko vakkert, skjørt og naturleg. Ingen snøkrystallar er like. Det er på den måten vi ønskjer å sjå kvart enkelt barn. Alle er unike på kvar sin måte. Vi må sjå kvart enkelt barn og legge til rette for det enkelte barn. Dette er ekstra viktig med små barn.

Kvardagen går i mange vante rutinar med måltid, bleieskift og pottetrening. Men vi får mange gode stunder, ved matbordet og på badet når vi pratar ved stellebordet. Eller medan to eller tre barn sitter på potta og skravler.

Det er godt å jobbe i barnehagen, når ein set seg ned på golvet og heile gjengen kjem springande, stabbande og krabbande over golvet for å vere med på leiken. Ein vert glad i alle barna i barnegruppa og ein skulle gjerne kosa med alle heile dagen.

No når vi går frå å vere familiebarnehage til ein ordinær privat barnehage, valte vi å bruke namnet småbarnehage. Valet er gjennomtenkt, vi skil oss ut fordi vi har barn under tre år. Vi er ei lita avdeling, og det er ein liten barnehage.

Ein annan grunn for val av namn til barnehagen er at vi ville den skulle vise at vi ønskjer å vere mykje ute. Når ein vil at barnehagen skal ha eit namn som viser at ein likar utelivet og at ein ser på kvart barn som unikt, passar det ikkje så godt med Sølepytten barnehage. Og slik enda det med at vi å valte Snøkrystallen småbarnehage. Langt, men godt.

## Pedagogikk

Barnehagen skal gje barn trua på seg sjølv og andre. Barn sin aktivitet, engasjement og deltaking i barnehagen sitt fellesskap gjev barn kunnskap om seg sjølv i forhold til andre. Ved å bli kjent med det som er ulikt, vert barnet bevisst på seg sjølv og sin personlegdom. (Rammeplan for barnehage 2006)

### Stortingsmelding 41 seier:

Fordi leiken er så sentral i småbarns liv, er det ekstra viktig at barn som ikkje beherskar leikens spelereglar, eller som ikkje sjølv oppsøker leik, får hjelp til å bli inkludert i leiken.

Ein god barnehage gir støtte for læring, ser og anerkjenner barnets evne til å lære og behov for å lære. Læring skal foregå gjennom leik og kvardagsaktivitetar, og læring og omsorg skal sjåast i samanheng.

## Personalet

Vi ønskjer å ha bevisste vaksne. Beviste på eigen adferd, haldningar og verdiar.

Vi ønskjer tydelige vaksne, vaksne som lagar klare rammer og kan seier klart frå om det er **JA**, **NEI** eller **KAN**.

- *Ja* tyder: ja du kan få gå ut, ja du får ta fram putene, ja du kan få drikke, ja du kan få lese bok.
- *Nei* er absolutte grenser.
- *Kan* er da barnet får velje sjølve og stole på eiga meistring. Du kan få gå opp trappa ute,
- du kan få gå på potta, du kan få ete sjølv.

Som bevisste vaksne i barnehagen må vi vere klar over at vi påverkar og påverkast av andre menneske. Ein må

reflektere over kva spor vi som profesjonelle setter hos barn, foreldre og kollegaer.

## Kompetanse og kvalitet

Å heile tida arbeide for at kvaliteten i barnehagen er så god som mulig er viktig for oss. Dette samsvarer også med stortingsmelding 41, "Kvalitet i barnehagen".

Med fokus på kvalitet i barnehagemiljøet i Noreg, fører også dette til at personalet går på kurs for å holde seg oppdaterte på det som har med dei minste i barnehagen å gjere.

Vinteren 2009 starta barnehagen på eit kompetansehevingsprosjekt i lag med dei andre barnehagane i Eid og Hornindal kommune. Her jobbar ein for å heve kvaliteten ved å sette fokus på ulike delar i barnehagekvardagen for å fine den beste praksisen for sin barnehage. Dette er ein ny måte å arbeide med kvalitet på som vi vil fortsette å bruke som arbeidsmetode.

## Kontaktinformasjon:

Snøkrystallen småbarnehage


Holane 12

6770 Nordfjordeid

Mob. 473 95 464

[snokrystallen@gmail.com](mailto:snokrystallen@gmail.com)

[www.snokrystallen.barnehageside.no](http://www.snokrystallen.barnehageside.no)



### **Opningstider**

Barnehagen er open alle kvardagar mellom 06.45 og 17.00.

Barnehagen er stengt mellom jul og nyttår.

### **Barnehageplassar:**

Samansetning av barnegruppa vert gjort om våren, ved opptak til nytt barnehageår i kommunen.

### **Forsikring**

Kvart barn er forsikra 24 timar i døgnet så lenge barnet har plass i Snøkrystallen småbarnehage. Avtalen er gjennom Private barnehagers landsforbund.

## **Samarbeid mellom barnehagen og foreldrene**

Samarbeid mellom barnet sine foreldre og personalet er viktig for barna sin trivsel og utvikling. Heim og barnehage er to ulike miljø med eit felles mål om å skape best mulig oppvekst for barnet. For å lykkast med dette er samarbeid kor vi kan utveksle informasjon er det ei forutsetning. Frå barnehagen si side vektlegg vi å vere åpne, faglege og imøtekommande.

### **Barnehagemøte for foreldre**

Om hausten vert det eit informasjonsmøte for foreldrene i barnehagen. Her vel vi foredrerårsrepresentant og feriestenging for neste sommar

## **Samarbeidspartane til barnehagen**

### **Føresette**

Føresette er barnehagen sin viktigaste samarbeidspartner. Det er viktig å ha eit godt og ope samarbeid omkring barna som går i barnehagen. Barnehagen kallar føresette inn til samtale to gongar per barnehageår.

Utover dette kan både føresette og barnehage ønske fleire samtaler ved behov.

### **Ppt**

Barnehagen samarbeider med pedagogisk psykologisk teneste. Det er føresatte som henviser barn til PPT, og det skjer som regel i samarbeid med barnehagen.

### **Barneverntjenesta**

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernets side. Barnehagepersonalet er ikkje bunden av teieplikt når ein gjev informasjon til barnevernet.

### **Andre samarbeidspartar**

I tillegg samarbeider barnehagen med helsestasjonen og fysioterapeut i kommunen. Foreldra til barna som er tilknytte desse samarbeidspartane har gjeve samtykke til dette. Alle som jobbar i barnehagen har teieplikt.

### **Samarbeidsutval/ Foreldreråd**

Barnehagen skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutvalg for å sikre samarbeid med barna sine heimar. Alle foreldra er medlem av foreldrerådet.

Oppgåvene til foreldrerådet er:

- fremme felles interesser
- styrke samarbeid barnehage-foreldregruppa
- skape eit godt barnehagemiljø

Barnehagen har tradisjon for å levere ut ei brukarundersøking i løpet av barnehageåret. Det for at vi kan få evaluert arbeidet vi gjer i barnehagen i samarbeid med foreldra.

Samarbeidsutvalet sine oppgåver er å vere rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal arbeide for eit godt barnehagemiljø for barn, foreldre og personalet.

### Retningslinjer for mat i barnehagen

Det er kome nye retningslinjer for mat i barnehagen, frå helsedirektoratet. Desse prøver vi å rette oss etter så godt det lar seg gjere. Nokre av hovudpunkta er:

- *Varier mattilbodet. Då lærar barna å like mange smakar.*
- *Bruk grønsaker og frukt til kvart måltid.*
- *Bruk grovt brød. Det har meir vitamin, mineral og kostfiber.*
- *Bruk fisk eller sjømat som pålegg.*
- *Drikke til maten bør vere lettmjolk og vatn.*
- *Det bør gå maksimalt tre timar mellom kvart måltid, oftare med små barn. Vaksne og barn bør ete saman.*
- *Vatn er den beste tørstedrikken mellom måltida.*

Sidan vi praktiserar at alle tek med den maten dei treng i barnehagen, krev det at foreldra tenker gjennom kva dei lagar til som mat i barnehagen. Det er viktig at ein er flinke å variere kosten og prøver å dekke behovet til sitt barn.

Vi har ikkje lagt oss på "null sukker" i barnehagen holdning. Vi feirar bursdag med det foreldra må ønske. Andre festdagar kosar vi oss litt. Saft, vert sjeldan servert i barnehagen, men av og til har vi is om sommaren eller litt kjeks eller fruktjuice.

Vi lar ikkje barna få noko utan vi veit det er greitt for foreldra.

### Sjuka barn i barnehagen

Barn som ikkje kan vere ute, kan ikkje vere i barnehagen. Allmenntilstanden avgjer om eit barn kan vere i barnehagen. Sjuke barn skal vere heime. Ein bør ha ein symptomfri dag heime før ein kjem i barnehagen etter sjukdom. Sjå: folkehelseinstituttet sine faglige råd for meir informasjon.

[www.fhi.no/dav/93d098077c.pdf](http://www.fhi.no/dav/93d098077c.pdf)



## Satsingsområde:

I barnehagen ønsker vi å ha eit satsingsområde gjennom heile året. Sidan det er små barn er det enklare å jobbe over eit lengre tidsperiode enn berre for nokre veker i gongen. Ein er sikrare på å kunne gjennomføre eit prosjekt når ein har eit langt tidsaspekt. Prosjektet vert ikkje velta av ein i personalet er sjuk eller barna viser interesse og glede for å gjere noko heilt anna akkurat denne dage. Ein har meir fridom til spontane og impulsive aktivitetar på denne måten.

I åra framover vil vi ha ordet SPOR som satsingsområde. Med spor som baktanke på alt vi gjer i barnehagen kan vi få inn alle fagområda i rammeplanen. Å sette spor er viktig med barn i alderen 0-3 år. Barnehagen set mange spor i eit lite barn. Barn begynner tidleg å sette spor i omgjevningen. Det første materiale som utforskast er mat og drikke. På bordet klappar dei graut og mjølk utover og fingrane lagar strekar.

Ut frå dei her tankane ønsker vi å ha eit satsingsområde med SPOR.

Døme på aktivitetar som famnar om ordet spor og som ein finn eller kan legge til rette for i barnehagen vår:

- Fotavtrykk og fingeravtrykk, vårt eige spor!
- Spor i livet, familie, venner.
- Spor av årstider: måleri, tørka blad, kongler, blomstra o.l.
- Spor i vatn: regn, sølekaker, sølepyttar, akvarellmåling.
- Spor av musikk: ulike sjangrar, tradisjonelle barnesongar, instrument.
- Spor av dyr, kjøretøy, menneske.
- Spor med blyant, tusj og fargekrit og måling.
- Spor av barnehage kvardagen i form av forteljingar munnleg og skrifteleg.
- Spor frå barna sin leik i form av foto på heimesida vår.
- Spor av tradisjonar både i barnehagen og i samfunnet.
- Spor på kroppen vår i form av eit lite blåmerke, skrubbsår, skitne fingrar osv.
- Nye spor, opplevingar, turar og erfaringar frå kvardagen.

I tillegg vil årstidene, høgtider og uterommet vere ting ein vil jobbe med. Alt dette vil ein finne igjen i arbeidet i barnehagen. Kvar månad legg vi ut nye bilete på heimeside til barnehagen slik at ein kan følge med på det vi gjer i kvardagen.



### Barns medverknad

Barn i barnehagen har rett til å gje uttrykk for sitt syn på barnehagen sin dagelege verksemd. Dei skal ha høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av det vi gjer i barnehagen. Dette står i rammeplan for barnehage, vi prøver å gjere dette på ein måte som fungerer med eitt og to åringar.

Dei kan få velje kven dei vil leike i lag med og kva dei vil leike med. Dei får bestemme om dei er svolten eller mett. Barna kan bestemme kvar vi skal gå på tur.

Vi må gje dei alternativ, i tillegg til å lese kroppsspråk og høyre på barna. Ut frå dette kan vi la barna vere med å medverke på det dagelege i barnehagen.

### Sosial kompetanse, leik og venskap

Stortings melding 41 seier:

”Sosial kompetanse er grunnleggande for å kunne fungere i samfunnet, ha positive sosiale relasjonar til andre menneske og evne til å følgje reglar og normer for akseptabel atferd.”

Vi ønskjer at barnegruppa skal fungere godt saman, vi vil jobbe med korleis ein omgår kvarandre på ein bra måte. Sosial kompetanse vil seie at ein kan samhandle positivt med andre i ulike samanhengar. Denne kompetansen tilegnar dei seg gjennom samspel med andre barn og vaksne. Sosial kompetanse vil vere noko ein arbeider med til ei kvar tid. Små barn har ulike erfaringar med å vere mange små saman, der alle er komne til ulike trinn i sosialutviklinga.

Å få delta i leik og få venner er grunnlaget for barns trivsel og meiningsskaping i barnehagen. I samhandling med kvarandre leggst grunnlaget for læring og sosial kompetanse. Tidleg erfaring med jamnaldrande er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av venskap.



## 1 åringen i Snøkrystallen.

Her er eg!

### Tryggleik

Viktig med kjende vaksne som er saman med barna i leik og samspel gjennom dagen.

Dei vaksne legg til rette leikar og materiell, slik at det er tilgjengeleg for 1 åringen.

Dei vaksne er der for 1 åringen under måltidet, hjelper barnet å få i seg maten.

Fokuset under stell og hygiene er kontakten mellom barn og vaksen.

Gi rom for søvn og kvile, tilpassa barnet sitt behov.

Gjentaking av rutinar, aktivitetar, songar og leikar over tid.

### Sanseoppleving og sporarbeid.

Måle med fingrane, eventuelt heile kroppen.

Leik med vatn ute.

Leik med leikeleire.

Leik med kroppen, gjennom fysisk aktivitet.

Små turar i nærmiljøet for å finne og sette spor.

Dei vaksne er nær barnet når dei utforskar nye ting.

Gi 1 åringen tid og rom til utforsking.

Vere ute og gje opplevingar gjennom sansane i alle årstider og vær.



## 2 åringen i Snøkrystallen.

Sjå! Kva eg kan.

### Kroppskontroll i rekordfart.

Vi bruker skogen i nærmiljøet, går i ulendt terreng.

Få bruke kroppen i aktivitetar som rulle, krype under og over og hoppe.

Trene på å sykle.

Utfordringar som å gå i trapper, klatre opp og ned av stolar.

Leike med ball- øve på auge – hand koordinering.

Stimulere til glede over finmotorisk aktivitet som å pusle, bygge, male med pensel og kle på.

### Ordforråd

Bruke ord og tall.

Vaksne er tydelig språkmodellar, vi snakkar enkle og tydelege setningar.

Visualisere songar og forteljingar.

Vi lærer fargar.

Synge enkle songar og les bøker.

Spele enkle spel.

Pottestund for dei som vil.

### Mestringsglede og Sporarbeid

2 åringen må få tid til å prøve sjølv ved av og påkledning og måltida.

Gå sjølv på tur.

Vaksne set ord på det barnet mestrar.

Vaske hender og ansiktet sjølv.

Barna får venner som set spor. Gi dei plass til å vere venner.

Felles opplevingar i nærområdet og i barnegruppa.



### 3 åringen i Snøkrystallen

Klare sjølv og vener.

Vi går lengre turar med små grupper med treåringar.

Gje rom og legge til rette for rolleleik. Fokus på hygiene som dotrening og vaske seg på hender og ansikt. Hjelpe til med kvardagsaktivitetar som matlaging, rydding, vasking og liknande.

Få kle av og på seg sjølv med støtte og veiledning frå ein vaksen eller ein venn.

Klare å formidle og bli forstått med ord og handlingar.

Trene på å halde ein samtale over tid. Sporarbeid om familie.

Lage og finne spor med ulike matriale og formingsaktivitetar.



### Tradisjonar i småbarnehagen

Vi har laga oss nokre tradisjonar i den tida småbarnehagen har vore i drift.

- ✓ Nytt bildealbum på heimesida vår kvar månad.
- ✓ Vi feirar bursdagane til barna i barnehagen. Her får dei bok med bilde og eit bursdags lys.
- ✓ Haust og vår tur til Hennebygda.
- ✓ Gardsbesøk til Silje Bakke sin gard.
- ✓ Advent i barnehagen i heile desember med lilla og stemning som fokus.
- ✓ Lucia tog i gata vår.
- ✓ Deltaking på barnehagegudsteneste i desember
- ✓ Nissefest med graut og overrasking.
- ✓ Vi har solfest i januar.
- ✓ Tur for å helse på svanene på Bjørlo.
- ✓ Barnehagetog med dei andre barnehagane rett før 17. mai
- ✓ Tur til vårsetra og utsikten.
- ✓ Fotograf i barnehagen på våren.
- ✓ Påskelunsj med mykje god mat.
- ✓ Sentrumsdag.
- ✓ Besøke andre barnehagar. (Spesielt for 3 åringane)
- ✓ Sommarfest med kunstutstilling.
- ✓ Utdeling av permar til dei som skal slutte i barnehagen på sommarfesten.



## Dagsrytme for Snøkrystallen småbarnehage

**7.00/7.30** Barnehagen opnar, fri leik inne.

**7.45** – 8.30 Frukost for dei som ikkje har ete. Biola, mjølk eller vatn til frukosten.

Dei som kjem no, må vite at den vaksne kan ha problem å gå frå frukostbordet.

**9.00** uteleik, samling, aktivitet, tur eller frileik!

**Obs!** Alle bør vere komen til 09.30 om ikkje anna er avtalt.

Ring eller send sms om de ikkje kjem til barnehagen sin mobil telefon:

**47395464**

**10.30** rydde tid, vi går inn.

-handvask, maten blir henta fram frå kjøleskapet.

**-1. måltid mat**, mjølk, vatn og yoghurt.

Vi følgjer dei nye retningslinjene for mat i barnehagen. Mindre enn 3 timar mellom måltida.

- Etter dette; Do, bleieskift, pottestund.

- Alle får kvile, dei som skal sove legg vi ute i vogn. Dei som kviler ligg på madrass inne.

Vi leikar inne, teiknar og les bøker etter kvart som barna vaknar, eller er ferdig å kvile.

**13.30** Handvask,

**- 2. måltid mat** – vatn, juice el mjølk og frukt,

Vi kosar oss med maten.

- Bleieskift.

Vi kan gå ut til frileik, eller frileik inne.

**Ca 16.20** Ryddetid.

**17.00/16.30** Barnehagen stenger!



## Dokumentasjon og vurdering

### Rammeplan for barnehage

Hensikta med rammeplanen er å gje kvar enkelt barnehage ei forpliktande ramme å arbeide ut i frå. Den skal fungere som ei ramme for barnehagen si planlegging, gjennomføring og vurdering.

Barnehagen skal jobbe med alle dei 7 fagområda i rammeplanen. Kvar fagområde dekker eit vidt læringsfelt, og vil sjeldan opptre isolert, men heller gå over i kvarandre. Dette fører til at fleire områder ofte vil vere representert samtidig i eit temaopplegg, og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.

Her vil vi vise korleis ein kan sjå igjen dei ulike fagområda i barnehagen vår, og i forhold til aldersgruppa.

1. Etikk, religion og filosofi:
  - meg sjølv og familien min
  - nærmiljø og lokalsamfunn
  - merkedagar i livet
  - høgtider
  - normer og reglar
  - likeverd og toleranse
  - undring
  - konfliktløysing
2. Kunst, kultur og kreativitet:
  - song og sangleikar
  - musikk, rytmeinstrument og dans
  - drama og korte eventyr
  - begynnande rolleleik
  - forming med ulike materiale
3. Kropp, bevegelse og helse:
  - leik ute og inne i alt slags vær
  - klede til alt slags vær og påkledning
  - hygiene og stellesituasjon
  - pottetrening
  - mat og måltid
  - kvile og avslapping
  - yoga leik i samling
  - Sjå seg sjølv i speil
4. Natur, miljø og teknikk:
  - oppdaging og eksperimentering ute og inne
  - spor av dei ulike årstider og samspelet i naturen
  - spor av plantar, dyr og menneske
  - tekniske hjelpemiddel og data
  - miljøvern, kjeldesortering
5. Kommunikasjon, språk og tekst:
  - lytte, tale og kroppsspråk
  - song og musikk
  - rim og regler
  - samtale, lesing og forteljing
  - bli kjent med symbol som tal og bokstavar.
6. Nærmiljø og samfunn:
  - alle i barnehagen bidrar til fellesskap,
  - turar og aktivitetar i nærmiljøet,
  - likestilling der gutar og jenter får lik merksemd

7. Antall, rom og form:
- mengder, sortering, pusle puslespel
  - bli kjende med tal
  - tid
  - ulike storleikar
  - plassering, orientering og lokalisering
  - tall-kroken
  - leik med puter, gardiner og madrassar
  - Leik med speil

Gå inn på [www.snokrystallen.barnehageside.no](http://www.snokrystallen.barnehageside.no) for å lese heile rammeplanen for barnehage.

### Årsplan

Årsplanen skal vere eit arbeidsreiskap for barnehagen sitt personale, og den skal bygge på lov om barnehage og rammeplan for barnehage.

Årsplanen skal gje informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, politikara, kommunen, føresette og barnehagen sine samarbeidspartar.

Den skal vere eit oppslagsverk og eit utgangspunkt for foreldra sitt høve til å påverke innhaldet i barnehagen.

### Kvardagsdokumentasjon og evalueringsarbeid

Vi nyttar mykje foto for å dokumentere arbeidet og livet i barnehagen.

Formingsarbeid stiller vi ut i tillegg til fotodokumentasjon. Dette gjer vi slik at foreldre, lokalmiljøet og kommunen skal kunne få informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen.

To gonger i året har ein foreldresamtale der ein snakkar om barnet og gjev tilbakemelding om kor ting fungerer og ser på utviklinga til barnet.

Barnegruppa og det enkelte barn sin trivsel og utvikling skal observerast og vurderast fortløpande. Personalet evaluerer og vurderer arbeidet sitt på personalmøter.

1-2 gongar i året sender vi ut brukarundersøking som vi evaluerar for å kunne utvikle oss og gjere endring på ting som ikkje fungerer. På våren har vi møte med foreldreråds representant i barnehagen, her går ein blant anna gjennom resultatet på brukarundersøkinga.

Vi tar gjerne i mot tilbakemeldingar på ting vi skal gjere annleis og ting de er nøgde med. Vi set pris på om de har idear og innspel til aktivitetar og andre ting de kjem på i forhold til årsplan eller liknande.

